

# Fjågesund Posten

Nr. 2 april 2021

## FLAGGING VED KYRKJA

Bygda eig flagget og flaggstonga ved kyrkja. Er det nokon som vil ha hovedansvar for flagging mot eit vederlag?

Kontakt Aud Turid mobil: 905 75 915



## TUR TIL HUSFJELL

**Mondag 26. april kl. 18.00.**

Me møtast på Østenåsida av broi. Værratterhald.  
Arr. Fjågesund idrettslag

## STØTT FJÅGESUND IL MED TOMGODS!

Har de tomgods som vi kan pante til inntekt for laget vårt, vil vi gjerne at de set det ut i knytt pose, ved trammen eller innkjørsla di slik at det er lett å finne.

Vi køyrer rundt og samlar inn:

**Tysdag 27. april kl 17.00**



Dei nyfødde Boerkillingane på Suigard 19 april.  
Kjersti til venstre, Odd til høgre!

## DUGNAD RUNDT KYRKJA

**Onsdag 28. april. kl. 18.00.**

Ta med rive, trillebår, traktor, o.s.v.

## DUGNAD PÅ GRENDEHUSET

**Tysdag 4. mai kl. 18.00.**

Ta med rive, kost, trillebår, traktor, o.s.v.

# SØPPELPLUKKING/TRIM

**Onsdag 5. mai kl. 18.00.** Vi møtast på grendehusplassen, og ryddar søppel langs vegen til Fjågesund brua og opp til kyrkja. Hald avstand og ta med hanskar og pose. Værratterhald.

Arr. Fjågesund IL

# RUSKENAKSJONEN 2021

**Mondag 10. mai kl. 16.00 - 19.00.** Renovest IKS set ut container ved **Fjågesund grendehus**. Her kan du som privatperson levere avfall som kjøll/frys, komfyrar, omnar, anna elektrisk materiell, samt møblar og større hushaldsavfall.



# STOLPEJAKT 2021

Fjågesund IL vil arrangere stolpejakt i bygda frå **15. mai til 17. oktober**. På kvar stolpe er det ein QR-kode som kan skannas med ein eigen app. Det vert også laga papirark som ligg i ei postkasse på Fjågesundbrygga. Stolpane har ulike fargar som indikerar vanskelegheitsgrad og det blir gjeve ulikt antal poeng utifrå denne. For kvar stolpe du registrerar får du eit lodd. Det er trekning etter sesongslutt og du kan vinne heiskort på skisenteret i Vrådal og to gåvekort for to med M/S Victoria.

For meire info: [stolpejakten.no](https://stolpejakten.no).



# UT PÅ TUR 2021

Fjågesund idrettslag har plukka ut fire turmål (Hyvre, Telnesåsen, Husfjell og Knarren). Eit kart over turmåla, ruta dit og korleis du registrerar turane dine er snart å finne på [fjaagesund.no](https://fjaagesund.no). P.g.a. korona vert det ikkje lagt ut bøker på turmåla. Dei som har gått alle 4 turane vert med i trekkinga av ein fin premie. Det vert også trekk ut ein trøstepremie blandt alle deltakerane. Du må registrere turane dine før 20. september. God tur!



## GUDSTENESTE

17. mai kl. 12.30

i Fjågesund kyrkje v/ Møyfrid Lunde.



## M/S HENRIK IBSEN

kjem **onsdag 19. mai**. Båten passerar fjågesundbryggja ca. kl 15.20.

## M/S VICTORIA

kjem **torsdag 20. mai**. Båten passerar fjågesundbryggja ca. kl 15.10.

Sesongen for kanalbåtene går som planlagt med ei rekke smitteverntiltak og med færre passasjerar enn normalt. Sjå [telemarkskanalen.no](http://telemarkskanalen.no) for meire informasjon.



## SYKKELTUR

Laurdag 29. mai.

Telemarks Kanalrittet er lagt ned, men det blir ein sykkeltur frå skulen til Øsjengvegskiljet. Her blir det matstasjon. Grendehuslaget stiller med bollar, banan, kaffe og saft. Trekning av premiar. Dei som vil kan også sykle til Kilen. Start frå skulen kl. 10.00. - 12.00.

For info kontakt Gunn mobil: 976 89 377.




# MØTESTAD FJÅGESUND

I redskapshuset til Aud Turid og Trond ved vegen ned til fjågesundbrygga, blir det i sommar rigga til salsboder i den eine porten. Det blir stand for idrettslaget og grendehuset, der det blir sal av lopper, kaffe etc. Har du lopper du vil gje til eit av laga takkar me for det. Du er også velkomen til å lage din eigen private stand og selgje det du vil der. Det er lagt opp til kontantkasse/VIPPS. Det blir sjølvbetjening men det er topp hvis nokon vil "stå bak disken". Store ting er det ikkje plass til, men det blir loppemarked på grendehuset i august.

Grendehuset har søkt midlar frå Gjensidigestiftelsen på eit tiltak der det er fokusert på "gode koronetrygge sommaropplevingar for born og unge sommaren 2021". Born og unge i alderen 7 - 20 år kan ha sin eigen stand i sommarferien. Kwart born får maks 5 dagar samanhengande inkl. laurdag og søndag. Dei kan t.d. selgje lopper, saft o.l. og ha aktivitetar etc. for å tjene ein slant.

Alle som vil ha ein stand må ringe Aud Turid mobil: 905 75 915 for planlegging, plassering og informasjon.



Me er eit lite lag med god plass til gamle og nye medlemmar. Me ynskjer DEG velkomen! Du kan vere fastbuande, utflytt eller bare føle for å støtte oss!

Enkeltmedlem Kr. 100,-

Familie Kr. 200,-

Konto nr. 2660.20.25801

På førehand takk!

Helsing Fjågesund I.L.

Sjå også heimesida til Fjågesund på:

[fjaagesund.no](http://fjaagesund.no)